



**Notat**

Dato: 23.08.2019  
Arkivsak: 2016/4239-102  
Saksbehandlar: ingskei

---

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

---

### **Utvikling i KOSTRA-tala for administrasjon, styring og fellesutgifter**

Til møtet i fylkesutvalet 20. juni 2019 hadde representanten Silja Ekeland Bjørkly spørsmål knytt til kostra-tal for delområdet «Administrasjon, styring og fellesutgifter, fylkeskommune».

Fylkesrådmannen går nedanfor litt nærmere inn på kostra-tala for dei siste fire åra, enn ein gjorde i svaret til representanten i møtet 20. juni.

Kostra-tala for Hordaland fylkeskommune viser slik utvikling i netto driftsutgifter i perioden 2015-2018:

Hordaland fylkeskommune	Beløp (1000 kr)				
	2015	2016	2017	2018	Endr. 15-18
400 Politisk styring	27 625	27 042	31 089	30 937	3 312
410 Kontroll og revisjon	4 414	4 428	4 615	5 314	900
420 Administrasjon	180 737	180 614	179 987	230 908	50 171
421 Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltn.	25 040	29 070	23 136	23 984	-1 056
430 Administrasjonslokaler	30 757	28 777	34 185	34 357	3 600
<b>Delsum</b>	<b>268 573</b>	<b>269 931</b>	<b>273 012</b>	<b>325 500</b>	<b>56 927</b>
470 Årets premieavvik	-62 903	-25 487	-18 172	-39 078	23 825
471 Amortisering av tidligere års premieavvik	44 910	53 895	57 540	60 128	15 218
472 Pensjon	0	63	666	630	630
480 Diverse fellesutgifter	10 184	6 126	-23 415	24 268	14 084
<b>Sum</b>	<b>260 764</b>	<b>304 528</b>	<b>289 631</b>	<b>371 448</b>	<b>110 684</b>

Tala er i løpende kr. Dvs. at løns- og prisvekst på 2,5% – 3% årleg forklarer ein del av veksten.

Totalt for funksjonane 400-480 viser tabellen ein auke på vel 110 mill. kr frå 2015 til 2018.

Ein merkar seg særleg eit hopp i utgiftene på funksjon 420 Administrasjon på ca. 50 mill. kr frå 2017 til 2018. Ei viktig forklaring på dette er at 45 IKT-konsulenter på skulane vart overført til IT-seksjonen.

Lønsutgiftene for desse stillingane utgjer 26 mill. kr. Utgiftene for desse stillingane burde framleis ha vore knytt opp mot ein kostra-funksjon under opplæring.

Av andre stillingar som er kome til under funksjon 420 kan nemnast elev- og lærlingombod, mobbeombod og prosjektsekretær for regionreformen med vel 3 mill. kr.

HR-seksjonen og fylkessekretariatet er styrka som følgje av førebuing av regionreformen med 3 mill. kr, og tillitsvalde har fått auka ressurs med 2 mill. kr.

Noko av utgiftene vert dekka av statstilskot, men tilskotet kom i 2017 og utgiftene i 2018 og følgjande år. Dette gjev ekstra svingingar mellom åra når ein ser på netto utgifter. (Avsetjing og bruk av fond er ikkje med i kostra-tala.) I tillegg vert avskriving ført under denne funksjonen. Slike tekniske endringar utgjer om lag 10 mill. kr

Ei spesiell utgift i 2018 var tilskot på 2,6 mill. kr til KS sitt digitaliseringsprosjekt.

Funksjon 470 Årets premieavvik varierer naturleg nok ein god del frå år til år. Bakgrunnen for innføringa av den spesielle måten å bokføre pensjonskostnaden på var nettopp at det er store svingningar i pensjonspremien.

Funksjon 480 viser også store svingningar. Ei viktig forklaring på auken i 2018 er at måten å føre inndecking av skulane sine underskot vart lagt om. Frå 2018 vert dette handtert internt på opplæring. I åra før kom beløpet som skulane dekka inn fram som ei inntekt under funksjon 480. Summen var gjerne i storleiksorden 10-20 mill. kr.

Fylkesrådmannen minner avslutningsvis om at det er viktig å ha i mente ulike feilkjelder som kan vere når ein samanliknar kostra-tal mellom fylkeskommunar som t.d. ulik føringspraksis for ulike kostnader.

I arbeidet med dei nye fylkeskommunane har prosjektleiar i Vestland fylkeskommune teke initiativ til at det vert etablert såkalla ASSS-tal for fylkeskommunane (Aggregerte Styringsdata for Samarbeidende Storkommuner). Fylkesrådmannskollegiet slutta seg til å starte dette arbeidet. Hordaland fylkeskommune har også tidlegare teke dette opp med KS.

ASSS er eit nettverk som er samansett av dei 10 største kommunane i landet der KS har sekretariatsfunksjonen. Nettverket har fokus på tenesteproduksjonen i kommunane og gjev grunnlag for samanlikning av styring med sikte på effektiv tenesteproduksjon med god kvalitet.